

# MEMOAR

## Medlemsbrev # 2

### Medlemskap:

Det er fyrst i haust at me har kome i gang med å formaliera medlemskap. Per 18/11 har berre 13 betalt kontingent for 2016/2017. Me opp-modar alle til å ordne innbetalingane innan årsmøtet - og til å verva nye. Bruk "verveknappen" på nettsida :-)



### Sjøfartsprosjektet

Memoar har søkt Neptunstiftelsen om midler til å utvida innsamlinga av sjøfartsminne. Målet er å auke produksjonen til 20 ferdig dokumenterte djupintervju pr år i tre år. I tillegg skal prosjektet gjennomføra publikumsarrangement, utvikla nye formidlingsformer og arbeide med emneordliste for nyare munnleg sjøfartshistorie

Sjå Sjøfart.Memoar.no



## Årsmøte 7. desember

Styret i Memoar hadde møte i 17/11 og stadfesta at årsmøtet skal vera onsdag 7/12 kl. 18:00 i Møterom 1 på Bergen Bibliotek.


Det kjem opp eit forslag til endring av §6 i vedtektene. No står det at styret skal ha tre eller fem medlemmer. Styret foreslår dette endra til "tre til seks medlemmer".

Årsmøtedokumenta elles - årsmelding og rekneskap - vert publiserte i framdriftsbloggen innan 23/11. Eventuelle forslag til årsmøtevedtak må sendast til [post@memoar.no](mailto:post@memoar.no) innan same dato. Send gjerne inn forslag på styremedlemmer også, men der er det ingen forslagsfrist (det kan reisast forslag på nye personar heilt fram til valet på sjølve møtet)



## Konferanse i 2017

Under workshop'en som Memoar arrangerte i Oslo i august, kom det opp forslag om ein årleg norsk konferanse om munnleg historie og minnekultur. Ein komite med Haci Akman, Ada Freng og Bjørn Enes arbeider med dette. Dei tek sikte på å sende søknader om økonomisk støtte før jul. Dato kan setjast når me veit om me får pengar. Målgruppene vert forskarar, formidlarar, frilansarar, tilsette i offentleg kulturadministrasjon og frivillige som arbeider med kulturvern og immateriell arv.



## Snart mobilt studio

I dei næraste dagane kjem Memoar til å skaffe og prøve ut rutinar for eit mobilt studio som kan brukast av prosjekt og samarbeidspartnarar. Det vil være ein bærbar datamaskin, eit (evt. to) kamera på stativ, ein lysrigg og ein studiobakgrunn. Det skal vera robust, lett å flytta og lett å rigga opp og ned.

Ein svært aktuell bruk er konsentrerte intervjueriar i kommunane rundt i Hordaland. I beste fall er me klare for fyrste opptaksrunde alt i desember.



Nytt minneprosjekt: [Sjolvbygger.Memoar.no](http://Sjolvbygger.Memoar.no)

Dag Arne Danielsen har på rekordtid lært seg å bruka Studio på Bergen Bibliotek, dokumentasjon og tidskodetaggning og nettsideadministrasjon - resultatet er prosjektsida om Høvik Sjølvsbyggerorganisasjon og Thorsenfeltet sjølvsbyggerlag på Askøy. ([Sjolvbyggerane.Memoar.no](http://Sjolvbyggerane.Memoar.no))



Han og Erik Ellertsen fortel i kvart sitt intervju om korleis sjølvsbyggerlaga fungerte. Dei var begge med i det som BT kalla "ekstremvarianten" av di dei la inn så mykje dugnadsarbeid i veg- og grunnarbeid før dei tok til på kvart

sitt eige hus. Ein viktig del av bustadsbyggingshistoria i Hordaland er dokumentert med desse to intervjuar.

Andre er volkomne til å supplera. Kontakt Dag Arne eller [post@memoar.no](mailto:post@memoar.no)

## Dropp inn-studio i Bergen

Kvar onsdag

kl 10 - 20



Frå onsdag 7. desember og tre månader framover vil Memoar prøva å ha fast "offisiell" opptaksdag på Bergen Bibliotek kvar onsdag. Me vil laga ei nettside der forteljarar kan bestille time for intervju eller assistanse til intervju som dei vil gjera sjølve. På denne måten vil me få unna "forteljarkøen" som har hopa seg opp i byen. Vert det vellukka, vert ordninga permanent. Sjå [Bergen.Memoar.no](http://Bergen.Memoar.no)